

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 08.09.2016

Handsaming i møtet

Prosjekt 1, Hordaland Teater i forslag til plan for perioden 2016 – 2020, går ut då den vert starta opp i denne perioden. Kontrollutvalet ønskjer også at Bybanen AS vert sett opp som nytt prosjekt 1.

Deloitte sender redigert plan for selskapskontroll til sekretariatet snarast mogleg.

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 vert vedteken med desse prosjekta i prioritert rekkefølge:
 1. Bybanen AS
 2. Grieghallen IKS
 3. Beredt AS
 4. Valen Kraftverk
 5. Hardanger AKS AS
2. Planen erstattar revidert plan selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til fylkestinget om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatane av desse.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.